

LysVaken

- for verda rundt oss
- for oss sjølve
- for Gud

Og: Gud er lys vaken for oss

Trusopplæringa er eit tilbod til born fra 0-18 år og deira føresette. Å få opplæring i trua er viktig for å gje borna eit grunnlag for å velje si eiga tru.

Trusopplæringa er også viktig for å gje borna ein tryggleik og eit medvit om at Gud er der for oss og passar på oss uansett kva situasjoner me kjem i gjennom livet. Å ha ei tru som ligg som ein grunnmur i livet kan gjere oss sterkare og meir rusta for utfordringar som møter oss.

I dåpen lovar me borna våre å lære dei opp i trua.
Dette hjelper trusopplæringa dykk med.

Alle er hjarteleg velkomne til **T**-dagane uansett livssyn.



Kyrkja i Voss

Uttrågata 5, Pb. 49, 5701 Voss, Tlf. 56 52 38 80

e-post: t-dagane@voss.kyrkja.no

www.voss.kyrkja.no "Trusopplæringa i Voss"

Frivillig gave til trusopplæringa til kontonr. 3480 16 45293 (merk:
trusopplæring)



LysVaken-kveld

i Oppheim kyrkje fredag 18. november 2022
kl. 19:00 til 23:00

Velkommen
til ein kveld
du seint vil gløyma.



T11

LysVaken

Velkomen til ein annleis kveld. Ein kveld der du får oppleva kyrkja frå ei anna side. Ein kveld der me skal vere lys vakne for kvarandre, oss sjølve og for Gud. Gud er alltid lys vaken for oss. Ein kveld der me skal feira at me snart startar adventstida og eit nytt kyrkjeår. Me tjuvstartar nyårsfeiringa fredag 18. november i Oppheim kyrkje.

Dette arrangementet er kalla LysVaken og over heile landet er ca. 31000 born inviterte til å vera med
Vil du òg vera med?

Program

19:00	Velkommen	Kyrkjequiz og sprell
	Forteljing	Orgelbrus og pizza
22:15	Avslutning saman med den/dei vaksne som skal henta deg	Lys Vaken-song (www.youtube.com , søk på LysVåken)
23:00	Slutt	

Praktisk informasjon

LysVaken startar kl. 19:00.

Me ynskjer at dei som skal henta kan koma til kyrkja kl. 22:15. Då skal me ha ei avslutning i lag, med smakebitar frå kvelden.

Dugnad: Me treng hjelp til ein del praktiske ting i løpet av kvelden, t.d. dekka bord, servera, rydda. Kan du som forelder tenkja deg å vera med på dette? Gje beskjed til 417 04 958 om du kan.

Gje beskjed

- om barnet treng spesiell tilrettelegging
- om barnet har matallergiar e.l.
- om de kjenner nokon 11-åringar som vil vera med som ikkje har fått denne invitasjonen
- om det er greit at biletet av barnet kan brukast til presseomtale, internett, brosjyre eller liknande.



Påmelding til Anja Kristin Slåtten
innan onsdag 16. november
til mob 417 04 958 (sms)